

# Eigarvurdering - fylkesordføraren

## **Sogn og Fjordane energi AS (SFE)**

Fylkeskommunen er størst eigar i Sogn og Fjordane energi AS med 48,15 % av aksjane. Nest største eigar er Bergenhalvøens kommunale kraftselskap (BKK) med 38,54 %. Resten av aksjane er fordelt på kommunane Flora, Gloppen, Bremanger, Askvoll, Eid, Selje og Naustdal. I tillegg har Gloppen Energi AS ein mindre post.

## **Drift**

SFE-konsernet produserte 1 998 GWh i 2013. Dette er 191 GWh mindre enn i 2012 og 67 GWh mindre enn middelproduksjonen.

Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 664 GWh i 2013, ein reduksjon på 6 GWh frå 2012. Sal til sluttkundar var i 2013 1 259 GWh, ein reduksjon frå 1 305 GWh føregåande år.

## **Investeringar**

SFE har i 2013 gjennomført investeringar på til saman 243 mill. kroner i fysiske driftsmiddel, størstedelen i nye nettanlegg. Dette er ein auke på 76 mill. kroner frå føregåande år.

## **Tilsette**

Ved utgangen av året var det 246 tilsette og 13 lærlingar/traineeer i SFE. Kvinnedelen er på 20 %. Sjukefråværet er på 3,13 % i 2013, mot 2,91 % i 2012.

## **Generalforsamling**

Det er kalla inn til generalforsamling i selskapet 20. juni.

## **Resultat og utbytte**

Overskot etter skatt på vart på 134 mill. kr mot eit overskot på 81 mill. kr året før. Før skatt vart resultatet 304 mill. kr mot 204 mill. kr året før.

Viktigaste årsak til resultatforbetringa ligg i auka inntektsramme frå nettverksemda. Drifta av kraftnettet er ikkje konkurranseutsett. Difor fastset NVE kor mykje nettselskapa kan krevje i nettleige frå abonnentane. Inntektsramma er fastlagt slik at den skal dekkje drift og avskrivning av kraftnettet og endrar seg frå år til år. Inntektsramma i 2013 var vesentleg høgare enn tidlegare. Ei viktig årsak er høge driftskostnadar som følgje av orkanen Dagmar.

Driftsåret 2013 var prega av ei relativt stabil drift utan store feil og hendingar. I 2013 var kraftprisen relativt låg, men noko høgare enn i 2012.

Styret følgjer ein utbyttepolitikk på 70 % av resultat etter skatt og gjer framlegg om eit utbytte på 101 mill. kr, mot 58 mill. kr i 2013. Av dette vil fylkeskommunen sin del bli 48,3 mill. kroner. Vi har budsjettert med 54 mill. kr.

Når framlegget om utbytte er noko lægre enn det fylkeskommunen har budsjettert med, er det fordi vi har følgd SFE sitt eige budsjett og SFE sin rekneskap viser litt svakare resultat enn budsjettet la opp til. Resultatet må likevel karakteriserast som godt.

SFE står framfor store investeringar i både produksjon og nett. Eigenkapitalsituasjonen er god. Gjelda er på 1,8 milliardar, medan bokført eigenkapital er 1,76 milliardar. Gjelda er høg, men ikkje tyngande.

## **Viktige hendingar**

### **Svelgen kraft og Leirdøla**

I september 2013 vart det inngått gjensidig avhengige avtalar om at SFE Produksjon AS sel sin medeigarrett på 35 % (ca. 175 GWh) i Leirdøla kraftverk til Statkraft Energi AS og Svelgen Kraft AS kjøpar Svelgen I og II mv (ca. 260 GWh) frå Statkraft Energi AS. Med til dette biletet høyrer at SFE Produksjon AS eig 56% av Svelgen kraft AS. Nemnde avtaler er under handsaming for godkjenning og nødvendige konsesjonar frå styresmaktene, og ein reknar med gjennomføring i 2014.

### **Ny kapasitet**

SFE arbeider kontinuerleg med å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. I 2013 har ein fått konsesjon for bygging av Østerbø og Randalen kraftverk (storleik 183 GWh, Høyanger kommune). Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk i Skorvenvassdraget (ca. 16 GWh, Askvoll kommune) er under prosjektering og ein ventar byggestart i 2014.

Det er også gitt konsesjon for 4 småkraftverk tilhøyrande Svelgen Kraft AS (ca. 25 GWh, Bremanger kommune) og prosjektering er i gang.

### **Søknader**

Det er søkt om konsesjon for utbyggingar i Gjengedalsvassdraget, (ca. 150 GWh i Gjengedal kraftverk pluss 17 GWh i Ommedal kraftverk, Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskårvassdraget (ca. 65 GWh netto ny kraft, Bremanger kommune).

Det er søkt konsesjon for Kviefossen kraftverk (ca. 5 GWh, Eid kommune) og 4 småkraftverk i Norddalsvassdraget, men 3 av desse er trekt slik at eitt prosjekt står att (ca. 19 GWh, Flora kommune).

Det vert og arbeidd med avtaleverk for utvikling av minikraftverk i Nausta (Naustdal kommune).

I samarbeid med Stranda Energi AS er det via Firdakraft AS inngått avtale om konsesjonssøknad for Hauge kraftverk (ca. 15 GWh, Stranda kommune).

## **Statnett si 420 kV-line mellom Ørskog og Fardal**

SFE har vore aktiv i prosessen med etableringa av nytt sentralnett. Prosessen starta i 2005 og har vore tidkrevjande. Styresmaktene bør effektivisere konsesjonsprosessane, og som ledd i dette også vurdere om arbeidsdelinga mellom NVE som faginstans og OED fungerer godt nok.